

Til styremøtet i Helse Vest RHF
03.03.2010

Styringsdokument 2010

Helse Vest IKT AS

1. INNLEIING	3
2. HELSE 2020	3
3. RESSURSGRUNNLAG OG RESULTATKRAV	4
Finansieringsmodell.....	4
Forventa samordningsgevinstar over ein 5-års periode	4
Kundesenteret	4
Balansekrav	4
4. STYRINGSBODSKAP KNYTT TIL ANSVARSOMRÅDET FOR HELSE VEST IKT AS	4
Leveransar.....	5
Forholdet mellom aktørar - rolleavklaring.....	5
Kvalitet og utvikling	5
Sikkerheit – Sårbarheit – Risiko.....	6
Strategiske tiltak	6
Felles EPJ-senter.....	7
Organisasjonsutvikling.....	7
5. RAPPORTERING	8
Metodikk og struktur for rapportering	8
Månadleg rapportering	8
Tertialrapportering.....	9
Rapportering til SSB og Sintef (NPR)	9
Årleg melding	9
Årsrekneskap	10
Rapport for bruk av middel og aktivitet.....	10

1. INNLEIING

Helse Vest RHF sine oppgåver er hovudsakleg knytt til to ansvarsposisjonar og roller:

- ”Sørgje for”-ansvaret, jf § 2-1a i spesialisthelsetenestelova der det regionale helseføretaket er pålagt ansvaret for å sørgje for at innbyggjarane i helseregionen får nødvendige spesialisthelsetenester.
- Eigiar av helseføretaka som er hovudleverandør av helsetenester, og konsernleiing.

I ”sørgje for”-ansvaret ligg det eit ansvar for å definere behovet for tenester i helseregionen, utforme ”bestilling” av tenester hos eigne helseføretak og private tenesteleverandørar og stille krav til tenestene både når det gjeld kvalitet og service.

Eigaransvaret blir nytta til å oppfylle og understøtte ”sørgje for”-ansvaret, dvs. å setje helseføretaka i stand til å ivareta oppgåvene på ein forsvarleg måte, dimensjonere og fordele funksjonar, samordne på tvers av helseføretaka, sikre effektiv ressursutnytting og systematisk nyttiggjere styringsinformasjon til å utvikle tenestetilbodet.

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området. Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søker å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest.

Helse Vest IKT AS leverer tenester og system som er kritiske for verksemda til helseføretaka, og har derfor ei særskilt oppgåve i å understøtte helseføretaka ved leveransane sine. Ein viser elles til vedtektene og forretningsplanen for selskapet.

I styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS inngår både bestilling av tenester og eigarkrav.

2. HELSE 2020

Gjennom HELSE 2020-prosjektet har Helse Vest utarbeidd ein felles føretaksplan og langtidspan, jf. styresak 081/07 B HELSE 2020 – Strategi for helseregionen. Den vedtekne planen skal gi retning for utviklinga fram mot 2020, leggje grunnlaget for prioriterte tiltak dei neste fire åra og vere styrande for ei årleg oppdatering av tiltak og prosjektportefølje.

HELSE 2020 er ein strategiplan for heile Helseregion Vest og legg føringar for utvikling av pasienttilbodet innan spesialisthelsetenesta i regionen. Det er derfor grunnleggjande at visjonen, verdigrunnlaget og dei overordna målsettingane er felles for heile helseføretaksgruppa og erstattar det som finst av lokale målformuleringar.

Kvart helseføretak har eit sjølvstendig ansvar for at strategidokumentet og kortversjonen (visjon, verdigrunnlag og målsettingar) blir gjort kjente i organisasjonen. Visjon, verdigrunnlag og målsettingar ligg fast for heile føretaksgruppa og skal danne grunnlag for dei vidare prosessane i kvart helseføretak.

3. RESSURSGRUNNLAG OG RESULTATKRAV

Finansieringsmodell

Finansieringa av selskapet er basert på ein prismodell med samanheng mellom aktivitet og kostnader.

Helse Vest IKT AS skal:

- i løpet av 2010 vidareføre arbeidet med ein prismodell som gir betre samanheng mellom aktivitet og kostnader i helseføretaka

Forventa samordningsgevinstar over ein 5-års periode

Forventa samordningsgevinstar som ligg til grunn for etableringa av selskapet er beskriver i forretningsplanen kap. 8.1 og budsjettet for 2006 (styresak 05/06).

Samordningsgevinstane må kalkulerast ved å identifisere differansen mellom kostnadene som kjem gjennom Helse Vest IKT AS og dei kostnadene som ein ville ha hatt ved den tidlegare organisering av IKT-funksjonen for føretaksgruppa. Denne differansen synleggjer brutto innsparing slik OMNI-prosjektet (omstilling til ny IKT-organisering) la opp til. Det er såleis viktig å understreke at samordningsgevinstane ikkje nødvendigvis vil gjenspeglast direkte i rekneskapen for Helse Vest IKT AS.

Helse Vest IKT AS skal:

- gjere samordningsgevinstane synlege ved å halde oversikt over både kostnadsreduksjonar og endringar i tenesteomfang og tenestekvalitet.

Kundesenteret

Helse Vest har dei siste to åra ytt bidrag til finansieringa av kundesenteret hos Helse Vest IKT.

Helse Vest IKT AS skal:

- frå og med 2010 sjølv ta ansvaret for finansieringa av kundesenteret innafor vedteken budsjetttramme.

BalansekraV

Helse Vest IKT AS skal:

- sørge for kostnadsrett prising av tenestene sine, og bidra til samordningsgevinstar.

Helse Vest IKT AS sitt resultatkrav for 2010 er fastsett til eit resultat på kr 105000,-.

4. STYRINGSBODSKAP KNYTT TIL ANSVARSOMRÅDET FOR HELSE VEST IKT AS

Helse Vest RHF har etablert Helse Vest IKT som ein strategisk part for utvikling og innføring av IKT-løysingar. Helse Vest IKT skal vere ein tenesteytar for ytterlegare samordning av verksemda i helseføretaksgruppa, for dokumentasjon av pasientbehandling og resultat, for beslutningsstøtte samt for vidareutvikling av organisasjonen.

Leveransane frå Helse Vest IKT skal gi oppleving av auka kvalitet, auka effektivitet, auka kompetanse og betra sikkerheit.

Leveransar

Helse Vest IKT AS skal ha som overordna mål å:

- bidra til betre pasientbehandling gjennom samordning og integrasjon av system og løysingar slik at nødvendig informasjon om pasienten følgjer pasienten gjennom pasientforløp lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- sørge for heilskapleg og effektiv brukarstøtte, service og leveranse til kundane. Den felles tenesteavtala skal vidareutviklast i samarbeid med helseføretaka/kundane gjennom den erfaringa ein vinn ved avtalt levering, oppfølging og rapportering.
- sørge for stabil drift, forvalte og vidareutvikle IKT-systema og -tenestene effektivt, slik at helseføretaka vil bruke systema til å forbetre og effektivisere sine tenester til pasientane.
- sørge for å optimalisere ressursbruken ved å standardisere og forbetre PC-tenester, utstyr og infrastruktur, ved å samordne og forenkle systemarkitektur og systemportefølje og ved å utveksle og gjenbruke erfaringar og innføringskompetanse.
- utvikle, marknadsføre og presentere nye løysingar som kan effektivisere arbeidsprosessane i helseføretaka. Helse Vest IKT skal vere proaktiv med tanke på å ta i bruk nye teknologiar og løysingar.
- Helse Vest IKT AS skal sørge for å utnytte summen av tilsette til å auke kompetansen, auke individuell spisskompetanse og redusere sårbarheita gjennom overlappende kompetanse.

Forholdet mellom aktørar - rolleavklaring

I løpet av 2010 skal det arbeidast vidare med utvikling og avklaringar av forholdet mellom Helse Vest RHF som premissgivar, helseføretaka som bestillarar, og Helse Vest IKT AS som leverandør.

Helse Vest IKT AS skal:

- i samarbeid med Helse Vest RHF og helseføretaka bidra aktivt til betre forståing av roller og korleis dei enkelte aktørane kan samspele godt.
- bidra til betre samarbeidsrelasjonar gjennom direkte kontakt med helseføretaka og ved å bidra til å utvikle dei tre samarbeidsfora innan IKT samt IKT sikkerhetsforum.
- samarbeide med helseføretaka om korleis ein optimalt kan etablere og støtte nye elektroniske meldingstenester også til primærhelsetenesta, og bidra til korleis vi skal sikre god kundestøtte, drift og forvaltning også for dette området.

Kvalitet og utvikling

Det er ein føresetnad at det blir arbeidd kontinuerleg med kunnskapsutvikling og kvalitet, og at nasjonale og regionale tiltak som understøttar dette blir følgde opp.

Helse Vest IKT AS skal ha fokus på å:

- utvikle og etablere kvalitetsindikatorar i samarbeid med Helse Vest RHF. Målingar skal utførast regelmessig.
- vidareføre det regionale nettet i Helse Vest til Norsk Helsenett og bidra i det nasjonale samordningsarbeidet.

- delta i Meldingsløftet i samsvar med gjeldande nasjonale og regionale program og prosjektdirektiv
- leggje til rette for kommunikasjon mellom egne helseføretak, og saman med dei andre regionale helseføretaka medverke til å etablere løysingar for rask og føremålsteneleg utveksling av informasjon mellom helseføretak på tvers av regionar.

Sikkerheit – Sårbarheit – Risiko

Helse Vest IKT gjennomførte i 2007 ei overordna risikovurdering med fokus på den grunnleggande infrastrukturen for leveransar frå Helse Vest IKT. I den reviderte regionale IKT-strategien for 2009-2012 er også risikovurderingar lagt til grunn for å oppretthalde nødvendig sikkerheit i IKT-løysingane og tilgangen til desse.

Helse Vest IKT AS må i 2010 arbeide med følgjande:

- sørge for at helseføretaka si sårbarheit ved bruk av IKT-løysingane ikkje overstig akseptabelt risikonivå.
- sørge for at personvernet blir ivareteke i samsvar med teieplikta.
- bidra til gode regionale prosessar og aktivitetar i sikkerheitsarbeidet.
- bidra til nødvendig sikkerheitsvurdering ved innføring av endringar eller nye systemløysingar.
- bidra til sikkerheitsvurderingar i forhold til gjennomføringa av den samla prosjektporteføljen.
- gjennomføre tiltak relatert til styrebehandla risikovurderingar.

Vidare

- Helse Vest IKT skal vidare gjere seg kjend med retningslinene for risikostyring i Helse Vest som styret i Helse Vest slutta seg til i styremøtet den 4. februar 2009, og gjennomføre risikostyring og rapporterting av risiko i tråd med desse.
- følgje opp omkring tiltaka i den overordna risikovurderinga.
- halde seg oppdatert om det generelle trusselbilde, inkludert førebygging og vern mot virusangrep, jf. ROS-analyse i Helse Vest IKT.

I styringsdokumentet til HF-a for 2010 ber ein om at HF-a stiller til rådighet nødvendige ressursar for å gjennomføre risikovurderingar av den IKT-infrastrukturen som HF-a har ansvar for. Vidare ber ein om at dette arbeidet blir planlagt og styrt gjennom det regionale utvalet for IKT-tryggleik (tryggleiksutvalet). Helse Vest IKT er også representert i det regionale tryggleiksutvalet og sørger dessutan for funksjonen som sekretariat for utvalet.

Helse Vest IKT skal:

- sørge for at selskapet er representert med fast representant i det regionale utvalet for IKT-tryggleik og ivareta funksjonen som sekretariat for utvalet.
- sørge for at representanten i tryggleiksutvalet har frigjort nok tid til å ivareta arbeidsoppgåvene som sekretariatsfunksjonen krev.

Strategiske tiltak

Helse Vest IKT AS skal i løpet av 2010 arbeide med følgjande strategiske tiltak:

- bidra som ein aktiv part til gjennomføringa av overordna IKT strategi for regionen .
- bidra til vidareutvikling av porteføljestyringa for IKT-prosjekt med større fokus på prioritering og styring

- delta i fellesprosjekta som blir gitt prioritet i 2010 i samsvar med vedteken porteføljestyring, med blant anna dei store programma innan Felles EPJ (elektronisk pasientjournal system), Meldingsløftet og Kvalitetsprogrammet
- støtte utviklinga av Norsk Helsenett SF og bidra til dei helsepolitiske måla for etableringa blir realiserte.
- leggje til rette for utbreiing av elektroniske reseptar i helseføretaka og sjukehusapoteka med sikte på at elektroniske reseptar kan sendast og mottakast i 2011. Tidsplan og ambisjonsnivå vil bli avklart gjennom eigen dialog mellom Helse Vest og Helse- og omsorgsdepartementet (HOD).
- sørge for at felles løysing for elektronisk rapportering til NPR blir realisert i tråd med nasjonale krav og bestillingar

Om automatisk frikort: Helse Vest IKT AS skal bidra til å

- sørge for at eigendelar for poliklinisk behandling og sjuketransport blir rapportert elektronisk til Helseøkonomiforvaltningen (HELFO).
- fase ut oppgjørssystemet POLK (som er eit system for overføring av refusjon for poliklinisk behandling og eigendelar), innan 1. januar 2011 etter nærare retningslinjer frå Helsedirektoratet.
- setje i verk nødvendige tiltak i 2010, slik at rapportering frå pasienten sjølv ikkje lenger er nødvendig for å sikre komplett innrapportering av eigendelar for direkteoppgjør frå og med 1. januar 2011.

Helse Sør-Øst RHF held fram som nasjonal prosjekteigar for pasientreiser for mellom anna å sikre nasjonal oppfølging og rapportering i 2010.

Felles EPJ-senter

Helse Vest IKT blir bedt om å bidra i arbeidet med førebuing av eit felles regionalt EPJ-senter. Det finst pr i dag lokale EPJ-senter ved fleire av føretaka, og det er viktig å få teikne eit vegkart som sikrar vår felles løysing og som kan vidareføre den kompetanse og erfaring som er blitt etablert inn i ein regional struktur. Helse Vest IKT må prioritere ressursar til denne viktige funksjonen.

Organisasjonsutvikling

- **Leiing:**
Utvikling av eit godt leiarskap på alle plan må framleis vere eit fokusert område. Det er ein føresetnad at Helse Vest IKT AS inkluderer eit regionalt fokus i sine lokale leiarprogram og inkluderer Helse Vest RHF som ein naturleg bidragsytar.
- **Regionalt leiarprogram**
Regionalt leiarprogram skal bevisstgjere leiarane om utfordringane i helsesektoren og forankre prioriteringar og vegval i HELSE 2020. Programmet skal styrke dialogen mellom toppleiarane i føretaksgruppa. Programmet vil vere ein arena for drøfting og utvikling av leiarpraksis der det er fokus på å skape god verksemdskultur. Regionalt leiarprogram vert starta i 2010 og det vil bli arrangert 3 samlingar dette året. Helse Vest IKT skal delta med toppleiargruppa på samlingane til regionalt leiarprogram.
- **Kundesenter:**
Kundesenteret skal vidareutviklast til å gi ei enno betre oppleving av kvalitet i tenesta og tilpasse tenestene får senteret i tråd med dei reelle behova ute i helseføretaka.

- **Kommunikasjon:**
Helse Vest IKT AS må arbeide for å oppnå tillit og legitimitet. Tidleg dialog med helseføretaka er viktig for å oppnå forankring av tiltak og avgjerder – og for å sikre kontinuerleg drift i helseføretaka.
- **Juridisk rammeverk og arbeid med internkontroll:**
All verksemd skal planleggast og drivast innanfor gjeldande lover og reglar. Plikta til internkontroll inneber at alle ledd i organisasjonen skal kjenne til relevante lovkrav. Det må liggje føre god dokumentasjon på internkontroll.
- **Innkjøp av varer og tenester:**
Helse Vest IKT AS skal delta i og bidra til utvikling av det regionale innkjøpssamarbeidet i Helse Vest og arbeide aktivt og målretta med innkjøpsorganiseringa med sikte på å få bukt med direktekjøp som ikkje er i samsvar med regelverk og innkjøpsavtaler som er inngått. Det er viktig at tiltak knytt til internrevisjonen sin rapport på området blir fulgt opp.

5. RAPPORTERING

Metodikk og struktur for rapportering

Det er gjennom arbeidet med heilskapleg styringsinformasjon lagt opp til gjennomgåande heilskapleg rapportering både internt, til styra og til myndighetene.

Helse Vest har fastsett eigen mal for rapportering til styret, jf. vedlegg 3. Styrerapporteringa er som ein heilskapleg rapportering, der både fag, økonomi, medarbeidarar og omdømme er ein del av rapporteringa. Helseføretaka skal i 2010 leggje til grunn fastsett mal for si styrerapportering.

Det er eit mål å ha utarbeidd gode og gjennomgåande system for oppfølging av utviklinga i tenestene. Oversikt over grenseverdiane finst i vedlegg 4. Helse Vest skal samarbeide med Helse- og omsorgsdepartementet og Sosial- og helsedirektoratet om betre nøkkeldata og gjennomgåande rapporteringssystem.

Månadleg rapportering

Økonomirapportering og annan avtalt rapportering av styringsinformasjon som skjer månadleg skal i 2010 rapporterast etter følgjande tidsfristar:

Januar:	15/2
Februar:	15/3
Mars:	15/4
April:	18/5
Mai:	15/6
Juni:	4/8
Juli:	16/8
August:	15/9
September:	15/10
Oktober:	15/11
November:	15/12
Desember:	Blir avklara seinare

Den månedlege rapporteringa inneheld følgjande element:

- Økonomirapportering etter fastsett rapporteringsmal i datavarehuset.
- Rapportering av månadsverk og sjukefråver etter fastsett rapporteringsmal i datavarehuset.
- Rapportering på omstillingstiltak etter fastsett mal i Excel (jf. vedlegg 3).
- Aktivitet og fagdata etter fastsett mal i Excel (jf. vedlegg 3). Etter kvart som ny styrerapportering blir implementert i kvart HF, skal denne rapporteringa gjerast gjennom datavarehuset.
- Rapportering av investeringar etter fastsett mal i Excel (jf. vedlegg 3).
- Rapportering av likviditet etter fastsett mal i Excel (jf. vedlegg 3).

Tertialrapportering

Etter kvart tertial skal det rapporterast på styringsdokumentet, jf oversikt i vedlegg 1.

Det skal vidare rapporterast på regionale kvalitetsindikatorar etter ein fastsett mal i Excel (jf. vedlegg 3). Frist for rapporteringa er den same som for månedleg rapportering, jf. rapporteringsfristar ovanfor.

Det skal rapporterast på nasjonale kvalitetsindikatorar som er nærare fastsette av Sosial- og helsedirektoratet og Sintef NPR (Norsk Pasientregister).

Rapportering til SSB og Sintef (NPR)

Helseføretaka skal i tillegg til den rapportering som Helse Vest stiller krav om, også sende rapportar til Statistisk sentralbyrå (SSB) og Sintef (NPR) basert på spesifikasjonar og malar som dei har fastsett. Rapport utarbeidd i Profitbase for rapportering av funksjonsrekneskap til SSB skal brukast. Rapporten byggjer på felles funksjonskontoplan som alle helseføretaka skal bruke. Funksjonskontoplanen skal vere oppdatert minst kvart tertial då denne og vil bli nytta til rapportering av kostnader fordelt på tenesteområde.

Årleg melding

I medhald av § 34 helseføretakslova skal Helse Vest RHF sende ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet innan 15. mars 2011.

Helse Vest IKT skal sende ei tilsvarende årleg melding til Helse Vest RHF. Fristen for årleg melding er 15 januar. Denne meldinga skal inngå som underlag for Helse Vest RHF si melding til departementet. Det vil i løpet av 2010 bli sendt ut mal for årleg melding som Helse Vest IKT skal halde seg til.

Meldinga må sjåast som eit ledd i eit samanhengande plan- og styringssystem mellom Helse Vest RHF og helseføretaka og skal i tråd med § 13 i vedtektene til helseføretaka innehalde:

- styret sitt plandokument for verksemda.
- styret sin rapport for det føregåande året.

Styret sin rapport for det føregåande året er ein rapport på oppfølginga av dei ulike styrings- og resultatkrava, slik dei går fram av styringsdokumentet.

Årsrekneskap

Heleføretaksgruppa skal avleggje rekneskap i medhald av rekneskapslova. Det er sett egne fristar for gjennomføring av årsoppgjeret.

Rapport for bruk av middel og aktivitet

Ein understrekar at søknader og rapportar om bruk av øymerka middel som hovudregel skal gjerast av Helse Vest RHF, men at helseføretaka må bidra aktivt når det gjeld søknader og rapportering.

Rapportering av kostnader til forskning skal gjennomførast etter same mal som rapporteringa for 2006. Rapporten skal sendast til NIFU STEP innan 1. april 2010.

Virksomhetsrapport

Produksjon/aktivitet
Økonomi
Kvalitet

2010

Driftskommentar

Denne måneden:

Aktivitet:

Økonomi:

Akkumulert

Aktivitet:

Økonomi:

Prognose

Omstilling

Kontantstømpoppstilling 2010 - likviditetsprognose

	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTANTS TRØMMER FRA OPERASJONELLE AKTIVITETER:												
Månedens resultat	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Ordinære avskrivninger	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivninger varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Tap/gevinst ved salg av anleggsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Endring i omløpsmidler og kortsiktig gjeld	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Endring avsetning til forpliktelser	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Øvrige resultatposter uten kontanteffekt	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
= Netto kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalinger i pensjonsordninger	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
A = Endring i driftslikviditet	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
KONTANTS TRØMMER FRA INVESTERINGS AKTIVITETER:												
Utbetalinger ved kjøp av driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Inn-/utbet. ved salg/kjøp av finansielle eiendeler	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
= Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
KONTANTS TRØMMER FRA FINANSIERINGS AKTIVITETER:												
Innbetalinger ved salg av driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Andre tilskudd og gaver til investeringer	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
= Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
B+C Over-/underskuddslikviditet investeringer	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
A+B+C = Total endring likviditet	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Inngående likviditetsbeholdning i perioden	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
= Utgående likviditetsbeholdning	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Rapportert likviditetsbudsjett												
NB! Skattetrekkmidler skal ikke inngå i den rapporterte likviditetsbeholdningen, heller ikke øvrige bundne midler.												

Vedlegg 2

Oversikt over regionale prosjekt som involverer helseføretaka, og som vil bli fulgte opp i 2010:

(Prosjekt som inneholdt IKT vil også vere underlagt prosess for prioritering og styring av prosjektporteføljen)

Område	Tema	Status
<i>Strategi og styring:</i>	Program styringsinformasjon inkludert datavarehus, styrerapportering og ferdigstilling av helsefagleg del	Pågår
	Utvikling av konsernmanualar og fullmaktsstrukturar	Pågår
	Strategiske forprosjekt for å avklare nye prosjektkandidatar	Nye 2010
<i>Helsefag:</i>	Kvalitetsprogrammet inkl. kvalitetsregister for kjerneverksemda	Pågår
	Felles EPJ-programmet	Pågår
	Meldingsløftet (Nasjonalt og regionalt program)	Pågår
	Samarbeid med primærhelsetenesta, inkl ELIN-prosjekt	Pågår
	PACS oppgraderingar	Pågår
	Teleradiologi, saumlaus informasjonsutveksling	Pågår
	Synergi, felles avvikssystem, ferdigstilling	Pågår
	Fødesystem, ferdigstilling	Pågår
	e-Resept, regionalt og nasjonalt løp	Pågår
	ESAC – Cytodose, ferdigstille utrulling i føretaksgruppa	Pågår
	Automatisk frikortløysing – utfasing av POLK	Ny 2010
<i>Personal og org.:</i>	MOT – ferdigstilling av utrulling i det enkelte HF	Pågår
	Samlepunktet og felles brukaradministrasjon	Pågår
	Gjenstående integrasjonar til og frå mellom Agresso/MOT og tilstøytande system (under prosjekt Samlepunktet)	Pågår
<i>Økonomi og Innkjøp:</i>	Pasienttransport inkl. Enkeltoppgjer	Pågår
	Innkjøpsprogrammet inkl. nasjonal anskaffing	Pågår
	Eigedomsprogrammet	Pågår
<i>Kommunikasjon:</i>	Felles publiseringsløysing i føretaksgruppa (Internett) Pilotering samt utrulling til kvart HF	Pågår
<i>IKT/ Sikkerheit:</i>	Ny klientplattform for IKT, forprosjekt	Ny 2010
	Arkitektur, spesielt for kjerneverksemda, nasjonalt og regionalt	Pågår